

## **Sak 7 a) Omvendt valdsalarm**

### **Sogndal SV krev raskare iverksetjing av dei nye reglane for omvendt valdsalarm**

Stortinget har vedteke nye reglar for bruk av omvendt valdsalarm. Regjeringa legg opp til at det skal ta eit halvt år før dei nye reglane tek til å gjelde. Sogndal SV kan ikkje forstå kvifor regjeringa vil vente så lenge med å setje i verk eit lovverk som er på plass, og som kan redda liv. Det er særleg vanskeleg å forstå dette sett i lys av dei hendingane som nyleg har skjedd med tragiske utfall for kvinner som var utsette for vald. Sogndal SV meiner det er svært alvorleg at me ikkje klarer å sikre utsette kvinner betre enn det me gjer i Noreg i dag.

Sogndal SV vil utfordre dei andre politiske partia i kommunen til å slutte seg til ei oppmoding til regjeringa om å få fortgang i arbeidet med opptrappingsplanen som dei kom med før jul, og som mellom anna skal leggje til rette for bruken av omvendt valdsalarm. Det hastar for mange mennesker som lever med trugsmål om vald å få sett i verk desse reglane!